

HANDLINGSPLAN
FOR
KULTURVERN
I
MASFJORDEN KOMMUNE



2008-2012

Vedteke i Masfjorden kommunestyre den 26.02.2009

BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Den tidlegare kulturvernplanen for Masfjorden kommune er frå 1995 og galdt perioden 1995-1999.

Av ulike grunnar har ikkje planen blitt rullert eller revidert. Hovudutval for undervisning og kultur vart nedlagt med kommunestyrevedtak i sak 42/95, 25/4 1995. Kulturområdet vart frå då av lagt inn under Utval for oppvekst, opplæring, helse og omsorg. I kommunestyret 2001, sak/01, vart også dette hovudutvalet nedlagt. Denne nye ordninga vart evaluert i 2003 og stadfesta.

Administrativt sorterte kulturområdet direkte under rådmannen frå 1995 og fram til det vart oppretta stilling som rådgjevar for oppvekst og kultur frå sommaren 2005.

Ein del av tiltaka i planen frå 1995 er alt gjennomførde og nokre er blitt uaktuelle. Nye viktige kulturvernobjekt har kome til. I samband med satsinga på Livskraftige kommunar er det naturleg å sjå om det er mogeleg å få til eit fruktbart samarbeid kultur/næring.

Den nye kulturvernplanen tek ikkje mål av seg til å innehalda ei komplett liste eller oversikt over alle kulturminna i kommunen. Planen vil omfatta det kommunen vurderer å vera dei viktigaste kulturminna.

Den registreringa som vart gjort av fylkeskonservatoren i 1979 og kulturvernplanen av 1981 vil framleis vera ei viktig bakgrunnskjelde til den materielle delen av planen. Det same gjeld sjøbruksregistreringa frå 1995.

Kommunen bør gjeninnføra ordninga med tildeling av kulturvernmidlar etter søknad. Det kan vera vanskeleg å få grunneigarar til å bruka eigne midlar på å halda eit kulturminnesmerke i stand dersom ikkje kommunen kan yta litt økonomisk hjelp til tiltaket.

Planen skal brukast som eit handlingsverktøy for kulturminnevernet i kommunen og den kan rullerast kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

MÅLSETJING

Kulturvernplanen for Masfjorden kommune er den delen av det kommunale planverket som omhandlar arbeidet med kulturvern.

Denne delen av kommuneplanen skal rullerast på same måte som dei andre kommunale delplanane.

Målsetjingane for kulturvernplanen er:

Å stimulera til at

- materielle kulturminne vert registrert og teke vare på
- ikkjematerielle kulturminne vert tekne vare på ved at dei vert innsamla, registrerte, katalogiserte og arkiverte
- interesserte tek del i frivillig kulturvernarbeid
- kulturminna vert nytta i ulike samanhengar i den grad dette ikkje er til skade for kulturminna

TILTAK

Kulturvernplanen vert sett ut i livet etter kvart som me får gjennomført dei ulike tiltaka som står i planen.

Det blir viktig å innarbeida rutinar for evaluering av tiltaka.

EVALUERING AV PLAN OG TILTAK

A: Innan utgangen av april kvart år skal rådmannen leggja fram ein statusrapport for arbeidet med kulturvern. Rapporten skal innehalda eit oversyn over tiltak som ein ynskjer sett i gang, tiltak som er sett i gang, og tiltak som er avslutta sidan forrige rapport.

B: På bakgrunn av statusrapporten skal kommunestyret drøfta kva tiltak som skal prioriterast i neste periode. Denne drøftinga vert grunnlaget for det budsjettmessige arbeidet med kulturvern.

C: Som ein del av rulleringa av det kommunale planverket skal kommunestyret drøfta kulturvernplanen med særskilt vekt på samhandlinga i høve andre delplanar, til dømes næringsplan og arealplanar.

MATERIELLE KULTURMINNE

A: Kommunestyret syter for at det vert sett av midlar til kulturverntiltak på kulturbudsjettet. Desse midlane skal nyttast til delfinansiering av sikring/restaurering av verneverdige bygg og/eller større faste installasjonar.

Rådmannen klargjer om desse pengane kan byggast opp til fond.

B: Rådmannen utarbeider årleg eit oversyn over bygningar og andre faste installasjonar som bør kunna få kommunal støtte.

C: Rådmannen legg til rette for at privatpersonar kan deponera gjenstandar i **eit kommunalt deponi**.

D: Rådmannen legg til rette for etableringa av **eit kommunalt gjenstandsarkiv**

Arkivet skal omfatta:

Gjenstandar i det kommunale gjenstandsdeponiet og gjenstandar i kommunale gjenstandssamlingar, t.d. skulemuseet på Sleire, og også private gjenstandssamlingar der kommunen tek del i registrerings- og katalogiseringsarbeidet.

Ein kan også tenkja seg gjenstandsregister for dei andre samlingane i kommunen vert lagra her.

IKKJEMATERIELLE KULTURMINNE

A: Kommunen skal stimulera til vern av ikkjematerielle kulturminne ved å gje støtte til lag og privatpersonar som ynskjer å arbeida med konkrete einskildprosjekt.

Midlane vert tildelt etter søknad på same måten som for kulturmidlane.

B: Kommunen skal stimulera til vern av ikkjematerielle kulturminne ved å gje støtte til kurs o.l som har som mål å skulera folk i dette arbeidet, eller som kan skapa interesse for dette arbeidet.

Midlane vert tildelt etter søknad på same måten som for kulturmidlane.

Ved namnsetjing av vegar, felt o.l. i samband med bustad-/hyttebygging o.a må lokale stadnamn takast i bruk.

C: Kommunen gjev høve til å arkivera opplysningar om ikkjematerielle kulturminne i det kommunale gjenstandsarkivet.

FRIVILLIG KULTURVERNARBEID

Kommunestyret opnar for at lag og organisasjonar som driv med kulturvernarbeid, kan få generell driftsstøtte på lik linje med til dømes song- og musikklag og idrettslag.

KULTURMINNE I ULIKE SAMANHENGAR

Rådmannen skal vurdera kulturverntiltak i høve til om dei har relevans til andre deler av det kommunale planverket, og sjå om dei kan koma inn under andre støtteordningar i tillegg til dei som direkte er knytte til kulturvern.

Planar og prosjekt i andre deler av den kommunale forvaltninga skal vurderast i høve til gjeldande kulturvernplan.

FINANSIERING

Eksterne finansieringskjelder:

Kulturrådet, bygdeutviklingsfondet (bygdeturisme), tilskot til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap (tilrettelegging og skjøtsel av kulturminne). Fylkeskommunen: Tilskot til faste kulturminne, tilskot til registreringar og innsamlingar.

Husbanken og Landbruksbanken:

Restaurering med utbetningslån på antikvarisk grunnlag

Interne finansieringskjelder:

Tilgang til dei eksterne finansieringskjelder er i stor grad avhengig av at kommunen stiller midlar til rådvelde på kulturbudsjettet.

KVA ME HAR OG KVA ME KAN GJERA

A) FORNMINNE

Fylkeskommunen nemner i brev etter at den førre kulturvernplanen var vedteken kva automatisk freda kulturminne som dei har registrert i Masfjorden:

- | | | |
|---|---|------------|
| 1 | Storsetehilleren (Matrehola) | Matredalen |
| 2 | Heller i Ytre Haugsdal bnr. 8 | |
| 3 | Røys på Kalvikneset, Indre Haugsdal, på tomt frådelt bnr. 3 | |
| 4 | Røys i Matredalen nord for Hummelfoss kraftstasjon | |
| 5 | Hustuft i Matredalen, nord for røysa, oppunder 2. vegsving | |
| 6 | Røys på Nordland, bnr. 5 | |
| 7 | Heller i Baldersvågpollen, Risnes bnr. 3 | |

B) NYARE TIDS KULTURMINNE

I Masfjorden finst det mange hus og innretningar av ulikt slag som burde vore teke vare på. Mange grunneigarar har gjort ein stor innsats for å setja i stand att naust, kvernhus og andre bygningar. Atter andre brukar både tid og pengar på å halda ved like ulike typar bygningar som dei eigentleg ikkje har bruk for lenger.

I den førre kulturvernplanen var det sett opp ei lang liste over verneobjekt. Den lista er ikkje med i denne planen, delvis fordi ho er utgått på dato og delvis fordi det er viktig at eigarane av eit verneobjekt sjølv har interesse av vern.

C) MUSEUMSTILTAK

	NAMN	STAD	EIGAR
1.	Bjørn West-museet	Matre	Interkommunal stifting
2.	Hommelfossen kraftverksmuseum	Matre	BKK/Masfjorden kommune
3.	Sleire skulemuseum	Risnes	Kommunalt
4.	Trodalen tingsamling	Matre	Olav S. Trodal
5	Sandnes nothus og sjøbruks-samling	Sandnes	Kommunalt
6	Fargeriet	Sandnes	Sissel Husby/ Magnhild K. Hope
7	Kvernhuset og sagbruket	Mollandseid	Ynnesdal, Ness, Molland

Kva skal til for at samlingane skal verta meir tilgjengelege?

Informasjon
Skilting
Presentasjon
Formidling
Opplæring av guidar
Vedlikehald

Masfjorden har mange kulturminne som bør gjerast meir kjende. Eit av måla med å ta vare på ting og bygningar frå gamal tid er å gjera historia levande, slik at nye generasjonar kan læra noko om korleis det var å leva og bu her før. Ein god grunn for at Masfjorden kommune skal engasjera seg i museumsdrift må vera at ein ser det nødvendig og viktig å formidla den historia minnesmerka og samlingane våre kan fortelja.

Å få gjort kulturminna meir tilgjengelege for publikum vil og kunne vera med å styrka driftsgrunnlaget for lokalt reiseliv.

PRIORITERT HANDLINGSPLAN FOR DEI 4 NÆRMASTE ÅRA

Desse tiltaka vert prioritert:

- 1 Sandnes nothus/sjøbrukssamling – tilrettelegging med sikte på å halda ope i sommartida
- 2 Fargeriet på Sandnes – tilrettelegging med sikte på å
 - a) halda ope i sommartida
 - b) bruka 2. etasje som utstillingslokale
- 3 Kyrkjestøene på Sandnes – avklaring av status i samband med reguleringsarbeidet
- 4 Sag- og kvernhusmiljøet på Mollandseid, vedlikehald
- 5 Hommelfossen kraftverkmuseum, framtidig status
- 6 Trodalssamlingane – sikring, avklaring av status
- 7 Matre hotell: Hotellmuseum, forsvarsmuseum og kafe
- 8 Storsetehilleren – skilting og tilrettelegging
- 9 Kommunalt gjenstandsarkiv
- 10 Kommunalt deponi, oppbygging, registrering
- 11 Vurdera å flytta skulemuseet frå Sleire til området ved Nordbygda skule

Kommunen kan berre ta på seg delfinansiering av dei ulike tiltaka. Det må arbeidast vidare for å henta ut maksimalt av fylkeskommunale og statlege midlar i samband med prosjekta.